

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua,
0301 OSLO

23. september 2008

FRÅSEGN TIL BEHANDLINGA AV KLAGESAKANE PÅ VINDKRAFTKONSESJONAR OG –AVSLAG I MØRE OG ROMSDAL

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Natur og Ungdom har gått gjennom dei konsesjonane og dei avslaga Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) gav til ulike vindkraftprosjekt i fylket vårt i juni i år. Vi har også fått kopi av dei klagenes NVE hadde mottatt innan klagefristen. Med dette brevet ønskjer Naturvernforbundet og Natur og Ungdom å gi eit samla innspel til behandlinga av desse klagenes i NVE og Olje- og energidepartementet (OED).

Vindkraft, klima og naturmangfald

Naturvernforbundet og Natur og Ungdom har lenge arbeidd for å få til utbygging av nye fornybare energikjelder som vindkraft. Vi ønskjer at vindkraft i framtida skal ha ei viktig rolle i energiforsyninga globalt. For at dette skal vere mogleg må vi planlegge utbygginga på ein måte som gjer at inngrepa ikkje blir for store.

Ei rein nasjonal vurdering viser at Noreg er nettoeksportør av fornybar kraft, og har vore dette dei fleste åra. Sjølv om fossile energikjelder står for ein stor del av energibruken også i vårt land, t.d. innan samferdsel, er effektiviseringspotensialet åleine truleg stort nok til å sikre at all energibruk i Noreg kan baserast på fornybare energikjelder. Det er heller ikkje grunn til å legge stor vekt på forsyningssituasjonen i Midt-Noreg. Det tek lang tid å få på plass større offshore kraftforsyning i vår region. Med ei gjennomføring av tiltak i tråd med Naturvernforbundet sine spareforslag frå 2007 vil situasjonen i Midt-Noreg vere tilnærma normal innan den tid.

Globalt er situasjonen ein annan. For å følgje opp råda frå klimapanelet om å redusere klimagassutsleppa med 60 - 80 prosent, samstundes som vi skal sikre 1,6 milliardar menneske som dag manglar dette tilgang til elektrisitet, vil det vere nødvendig å erstatte minst 2/3 av energibruken i verda i dag, truleg meir, med fornybar energi.

På same måte som reduksjonen av klimagassutslepp ikkje er noko kvart land kan gjennomføre åleine, bør vi ikkje rekne med at kvart enkelt land skal bli sjølvforsynt med energi. Sett i forhold til folketalet har Noreg store land- og havområde, og vil truleg bli ein viktig eksportør av fornybar kraft i framtida. Samstundes er det viktig å hugse at om Noreg har ei moralsk plikt til å sørge for at tilgangen til fornybar energi i verda aukar, så har vi ei like stor plikt for å sikre at dei naturverdiane som finst på våre land- og havområde ikkje blir forringa. Hittil har denne plikta først og fremst blitt sett på spissen når det gjeld forvaltninga av vassdragsnaturen.

Sjølv om klimaendringane bankar på døra, er det viktigaste trugsmålet mot naturmangfaldet i verda i dag nedbygging og oppstyking av samanhengande naturområde, leveområda for plantar og dyr. NVE peikar i sine avgjerder om vindkraftutbyggingar i Møre og Romsdal på at arealbruken ved utbygging av vindkraft er relativt moderat: ”Dersom det norske samfunnet ønsker å etablere vindkraftverk som kan dekke 10 prosent av dagens elektrisitetsforbruk, vil etableringen av inntil 2000 vindturbiner medføre ca. 1 000 kilometer med atkomst- og internveier. Til sammenlikning er det i følge Statistisk sentralbyrå siden 1991 bygd mer enn 10 000 kilometer skogsveier i Norge (bilveier og traktorveier).” Naturvernforbundet og Natur og Ungdom vil peike på at sjølv om skogvernet i Noreg treng eit kraftig løft, er det på kysten vi har nokre av våre minst utbreidde, minst verna og mest truga naturtypar, som ulike lynghøier og myrar og kulturlandskap.

Vindkraft er dessutan ein varierende energikjelde, dei fleste brukarane kan ikkje basere seg på vindkraft åleine, og vindkraftanlegga blir til vanleg lokalisert heilt andre stader enn den elkraftproduksjonen som allereie er etablert i Noreg. Ei omfattande utbygging av vindkraft vil gjennomgåande krevje meir utbygging av nettet. Dette har lokale konsekvensar i samband med det enkelte prosjekt. Dersom vindkraft skal bli ein større del av den norske energiforsyninga vil dette også bli ei utfordring på systemnivå. NVE meiner dette ikkje vil vere eit problem før meir enn ti prosent av kraftproduksjonen er vindbasert. Etter vår meining oppstår det nok fleire store konflikhtar mellom omsynet om å produsere fornybar energi og å sikre naturmangfaldet før vindkrafta når eit slikt omfang.

Samla plan for vindkraft

Vindkraft er i utgangspunktet ein fornybar ressurs. Viss det blir bygd vindmøller på område med små og få konflikhtar, kan vindkraft gje eit nyttig bidrag til kraftproduksjonen på stader der alternativet er nye kraftliner. Naturvernforbundet har vore aktiv i arbeidet med å få på plass planar på regionalt nivå som viser kva område som t.d. er uaktuelle for vindkraft pga. ymse konflikhtar. Så kan aktuelle søkjarar konsentrere seg om dei stadene der konfliktane i utgangspunktet er mindre.

Sjølv om det blir utarbeidd omfattande konsekvensutgreiingar av kvart enkelt vindkraftprosjekt i fylket vårt, er desse utgreiingane lite eigna til å belyse den samla effekten vindkraftutbygging har på kystnaturen. Det er slik med naturinngrep at sjølv om eit enkelt inngrep ikkje er så ille, så blir den samla effekten av mange inngrep svært negativ. Dette har vi sett både når det gjeld vasskraftutbygging og skogsvegutbyggingar i vårt fylke.

Det er i denne samanhengen òg viktig å få fram at same type inngrep, t.d. av ei vindkraftutbygging, av same storleik, kan ha ulik vekt avhengig av når og kvar han kjem. Dei negative konsekvensane vil ha større vekt når vi nærmar oss tolegrensa til økosystemet. Og i høve vassdrag; dei siste vassdraga vi har att er kanskje ikkje meir verdifulle miljømessig sett enn mange av dei vi allereie har bygd ut, men dei har fått ein ny kvalitet: Dei er dei siste vassdraga vi har att! Slik er det også med kystnaturen, sjølv om vi ikkje er der enda.

Dessutan er det svært uheldig at nokre utbyggjarar vil bruke ressursar på å planleggje prosjekt som er så konfliktfylte, t.d. i høve internasjonale naturvernavtalar, at det er svært urealistisk om dei har høve til å bli godkjende. Det er ofte Naturvernforbundet og Natur og Ungdom som endar opp som den som blir skulda for å vere ”mot alt”, når vi faktisk seier at det ikkje er fornuftig å rasere slike verdier. Slik vi ser det, er det manglande overordna planlegging som har skulda for denne unødvendige ressursbruken og dei konfliktane vi ofte ser i slike saker.

Naturvernforbundet og Natur og Ungdom er nøgde med haldningsendringa i NVE; direktoratet er no nøye med å framheve at dei ønskjer å behandle alle søknadene i Møre og Romsdal under eitt, og at Møre og Romsdal fylke som planstyresmakt ikkje har varsla nokon planoppstart for ein fylkesdelplan. Utbygging av fornybar energi blir ikkje mindre viktig framover, og denne utbygginga vil ha naturvernkonsekvensar som krev vurderingar ut over det som blir gjort for det enkelte prosjekt. Naturvernforbundet og Natur og Ungdom vil difor be Olje- og energidepartementet om å gi tydelege

signal til NVE om å vere ein konstruktiv medspelar i dei fylka som vel å etablere fylkesdelplanar for ulike emne innan fornybar energi.

Haugshornet vindkraftverk

Naturvernforbundet og Natur og Ungdom er nøgde med at NVE har avslått søknaden om utbygging av Haugshornet vindkraftanlegg. NVE nemnar sjølv omsynet til fuglelivet i området; området er leve- og hekkeområde for fleire truga fuglar. Det internasjonale ansvaret Noreg har for å sikre overlevinga til desse fuglane må vege tyngre enn dei relativt avgrensa energiressursane dette vindkraftprosjektet ville gi. Naturvernforbundet og Natur og Ungdom meiner dessutan at NVE i sitt avslag legg for liten vekt på at prosjektet gir store inngrep i det største inngrepsfrie området langs kysten av Sunnmøre. Det å sikre større samanhengande inngrepsfrie område er ei "livsforsikring". Desse områda kan vere viktige for artar vi i dag ikkje har skjønt betydningen av, og dei kan bli viktige for å sikre økosystem som er meir robuste i forhold til endringar, t.d. av klimaet.

Det er også verd å merke seg at Møre og Romsdal fylke varsla innsigelse mot prosjektet på bakgrunn av at det ville ha vore stor konflikthar med nasjonale miljømål. Fagutgreiinga til utbyggarane påpeikar sjølv at dei negative konsekvensane for biologisk mangfald er store. Avbøtande tiltak vil neppe kunne rette opp dette. Dette er kunnskap søkjarane, StatoilHydro og Tussa, truleg burde tatt konsekvensane av på eit tidlegare tidspunkt.

Fræna vindkraftverk

Naturvernforbundet og Natur og Ungdom er nøgde med at NVE har avslått søknaden om utbygging av Fræna vindkraftverk. Vi er også nøgde med at NVE i avslaget legg avgjørande vekt på konsekvensane for fuglelivet i området. Vi er elles ikkje samde med NVE i at manglande vegar i naturområde er grunnen til at kystlynghei gror att, jf. kommentaren "Etter NVEs vurdering er gjengroing en av de største truslene mot naturtypen kystlynghei. Tiltaket fører til utbygging av veier som kan lette arbeidet med å drive skjøtselsarbeid med den truede naturtypen kystlynghei, og eventuelt øke innslaget av denne naturtypen.". Det vil etter vår meining vere meir nærliggande å leite etter desse grunnane i dei endringane som har skjedd i landbruket.

Havsul IV offshore vindkraftverk

Naturvernforbundet og Natur og Ungdom er nøgde med at NVE har avslått søknaden om utbygging av Havsul IV offshore vindkraftverk. I avgjerda si har NVE også særleg lagt vekt på at Orskjæra er det største og viktigaste området som er foreslått verna i verneplan for hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal, og at ei etablering av Havsul IV ville vore umogleg å kombinere med eit vern etter naturvernloven.

Det er vel verd å merke seg den dramatiske utviklinga som har vore i sjøfuglbestandane i Noreg dei siste åra. Gjennom dei siste 30 – 35 åra har sjøfuglane vore gjennom ei vanskeleg tid med svikt i hekkinga og sterk nedgang i bestandane. Situasjonen er kritisk for mange artar, I Dokument nr. 3:12 (2005-2006) skriv Riksrevisjonen m.a. "Flere av sjøfuglbestandene er nede på et historisk lavmål, og framtidsutsiktene for dem kan bli kritisk dersom ikke næringssituasjonen bedrer seg vesentlig i løpet av få år.". Det er viktig å sikre både trygge hekkeområde og mattilgang for å unngå at vi mistar artar heilt. Havsul IV ville vore eit heilt feil signal i ein slik samanheng. Naturvernforbundet og Natur og Ungdom meiner elles at verneplanen for hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal bør utvidast, det er ikkje rom for å ta område ut av han.

Havsul II offshore vindkraftverk

Naturvernforbundet og Natur og Ungdom er nøgde med at NVE har avslått søknaden om utbygging av Havsul II offshore vindkraftverk. Det er viktig og bra at NVE i denne saka legg avgjerande vekt på at kunnskapen om konsekvensane av offshore vindkraft, særleg i dette omfanget, på fugl er mangelfull, og at slik kunnskapsmangel må kome naturen til gode. På same måte som Havsul IV er også Havsul II i klår konflikt med mange av dei områda som bør vernast av omsyn til sjøfuglane. Vi saknar meir vekt på dette frå NVE si side; når det blir verna område av omsyn til dyr som kan flyge, er det openbart at desse vil nytte område også utanfor det arealet som er formelt verna. Bygging av vindmøller tett opp

til sjøfuglreservat vil heilt klårt skade verneformålet. Naturvernforbundet og Natur og Ungdom har von om at den nye naturmangfoldloven vil gi betre vern av slike verneområde.

Kraftlinjetilknytningane

Det at søknaden til dette og dei andre vindkraftverka har fått avslag, gjør at vi ikkje bruker plass på å kommentere kraftlinjesøknadene til desse prosjekta. Det er likevel klart at det er store konflikhtar knytt til desse, særleg for nettilknytninga for Havsul II.

Steinshamn offshore vindkraftverk

Naturvernforbundet og Natur og Ungdom er nøgd med at NVE oppmodar utbyggerane til å avslutte planlegginga av Steinshamn offshore vindkraftverk. Sjølv om dette anlegget ligg innanfor det området som no kan få ganske tett utbygging av vindmøller (Harøya – Haramsøya – Havsul I), er det ikkje ønskjeleg med ei foretting med dagens kunnskap om konfliktane i forhold til fugl.

NVE sine konsesjonsvedtak

Naturvernforbundet og Natur og Ungdom har ikkje klaga på konsesjonen til Havsul I offshore vindkraftverk og Haram vindkraftverk. Dette tyder ikkje at det ikkje finst vektige naturvernargument mot desse prosjekta. Derimot er det mogleg å trekke ein parallell til den nærast eksplosive utbygginga av småkraftverk i Møre og Romsdal. Heller ikkje her klagar Naturvernforbundet og Natur og Ungdom på alle konsesjonar som blir gitt; utan at det betyr at vi meiner den samla effekten av dei mange utbyggingane som skjer er uviktig.

Havsul I offshore vindkraftverk

Sjølv om også Havsul I kan få store negative konsekvensar for fuglelivet, registrerer vi at søkjaren har tatt omsyn til merknadene frå Naturvernforbundet i høyringsrunden og flytta turbinar lenger vekk frå fleire av dei viktigaste fugleområda. Havsul I er også den av dei tre Havsul-anlegga som har størst avstand til område foreslått verna i sjøfuglverneplanen.

Både Naturvernforbundet og Natur og Ungdom krevde i fråsegnene våre til Havsul I at det raskt måtte etablerast ei overvåking for å dokumentere konsekvensane av offshore vindkraft (inkludert kraftlinjetilknytning) betre. I konsesjonen til Havsul I heiter det: ”Det skal gjennomføres et miljøovervåkingsprogram, herunder for temaene fugl og fisk. Programmet skal gjennomføres etter anerkjente prinsipper for før og etterundersøkelser, for eksempel slik det er nedfelt i anbefalinger utarbeidet i OSPAR-konvensjonen. Plan for overvåkingsprogram skal oversendes og godkjennes av NVE i god tid før anleggsstart slik at nødvendige førundersøkelser kan gjennomføres.”

Naturvernforbundet og Natur og Ungdom vil vise til dei røynslene som er gjort med oppfølging av funn frå konsekvensutgreiingar generelt og med miljøovervåkingsprogram spesielt, frå Gardermoutbygginga (der Naturvernforbundet deltok med eit eige prosjekt) og fram til i dag. Etter vår meining bør NVE pålegge utbygger å legge opp til ein open (gjennomsiktig) formell prosess i utforminga av eit miljøovervåkingsprogram. Dette vil seie at forslaget til miljøovervåkingsprogram blir sendt på høyring til fagmiljøa, kommunane og naturvernorganisasjonane, at overvåkingsprogrammet er tidsavgrensa og at det blir lagt stor vekt på å formidle resultata frå overvåkinga til fagmiljø og publikum, både i form av offentleg tilgjengelege rapportar og i form av seminar e.l. Det første overvåkingsprogrammet bør utarbeidast og fastsettast snøggast råd; før anleggsstart, for å sikre at før-situasjonen blir betre dokumentert.

Haram vindkraftverk

I fråsegna frå Naturvernforbundet då Haram vindkraftverk var på høyring, blei det lagt vekt på at prosjektet kunne redusere skadeverknadene på naturmangfaldet mykje med å ta utbygging på Flemsøya / Skuløya ut av planane og å redusere noko på omfanget på Haramsøya. Naturvernforbundet og Natur og Ungdom er nøgde med at dette er gjennomført i eit visst omfang. Naturvernforbundet og Natur og Ungdom er også nøgd med at det blir lagt opp til kabling av eksisterande linje for å unngå luftspenn forbi Myskja-urane natureservat.

Naturvernforbundet og Natur og Ungdom er elles kritiske til NVE sin argumentasjon om at vegane til turbinane vil vere til nytte for friluftslivet. Dette er eit argument vi også ser nytta for skogsvegar, utan at det blir meir sant av den grunn. Friluftslivet i Noreg blir ikkje begrensa av at det er for få vegar som er tilgjengelege for dei som ønskjer å gå dei. Dei vegane friluftslivet har nokon glede av er alt bygd.

Vi har den oppfatninga at miljøovervåkingsprogrammet for Haram vindkraftverk burde omfatte større delar av naturmangfaldet enn berre hekkesuksessen til vandrefalken. Det er gjennomgåande for lite systematisk kunnskap om konsekvensane av vindkraft på norsk natur, og røynslene frå Smøla har lært oss at slik kunnskapsinnhenting bør starte før anlegget er etablert.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Natur og Ungdom ber om at dette innspelet blir med i den vidare behandlinga av dei aktuelle klagesakene på vindkraftkonsesjonar og avslag frå vårt fylke.

Med vennleg helsing

Øystein Folden
For Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
Leiar

Kristi Langli
for Møre og Romsdal Natur og Ungdom
Leiar

Kopi:

Miljøverndepartementet
Direktoratet for naturforvaltning
Møre og Romsdal fylke
Averøy kommune
Eide kommune
Fræna kommune
Aukra kommune
Sandøy kommune
Haram kommune
Giske kommune
Herøy kommune
Sande kommune
Norsk ornitologisk foreining
Friluftsrådet for Nordmøre og Romsdal
Friluftsrådet for Sunnmøre
FNF Møre og Romsdal
Kristiansund og Nordmøre Turistforening
Molde og Romsdal Turistforening
Ålesund og Sunnmøre Turistforening
Zero
Statnett
Istad Nett
Havgul AS
StatoilHydro
Statkraft
Haram Kraft
Offshore vindenergi AS